



STRYN KOMMUNE
MØTEBOK

KU-avd.
Saknr. 06 / 1001 doknr. 68
Vedlegg nr. 1 av 1

SAK	ORGAN	MØTEDATO
SK 025/06	Skule- og kulturutval	16.05.2006

Ref: 04/1912 -3 Ark. L32
Sakshandsamar: Myrtel Janne Thomassen

Framlegg til ny forskrift om skrivemåten av stadnamn - Høyring

Presentasjon:

Kultur- og kyrkjedepartementet har sendt ny forskrift om skrivemåten av stadnamn ut på høyring. Frist for å kome med uttale er sett til 15.mai 2006.

Lovgrunnlag, reglar, føresegner, plandokument:

Lov 18.mai 1990 nr.11 om stadnamn m.m §13

Aktuelt sakstilfang:

Ikkje vedlagt:

- Utkast til forskrift om skrivemåten m.m av stadnamn

Saksopplysningar:

Departementet har på bakgrunn av endringane som vart vedtekne i stadnamnlova, vurdert det som nødvendig å gjere ein del endringar i forskrifta. Hovudsaka for dette er at forskrifta må tilpassast den nye lova, samt at departementet ønskjer å gjere forskrifta klarare og meir tilgjengeleg for alle som skal praktisere den.

Den gamle forskrifta har fått kritikk for å vere svært detaljert, komplisert og til tider uklar på enkelte punkt. I tillegg har det vorte peika på at det har vore vanskeleg å få oversikt over regelverket, også for dei som arbeider med det dagleg. Det er departementet sin intensjon at desse problema skal bli borte/betre når ein no reviderer heile regelverket som gjeld stadnamn.

Det vart gjort nokre endringar i stadnamnlova ved lovendring i 2005:

- ny formålsparagraf
- fleire definisjonar av sentrale omgrep i lova
- nye reglar om namnesetting
- ny regel om å ta oppatt saker

Skule- og kultursjefen sitt framlegg til vedtak:


Skule- og kulturutvalet har ikkje merknad til ny forskrift om skrivemåte av stadnamn.

Handsaming i Skule- og kulturutval 16.05.2006.

SK-025/06 Vedtak:

Skule- og kultursjefen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Sign.



Arne B. Berge

- sekr.-

Utskrift sendt til:

Kultur- og kyrkjedepartementet
Postboks 8030 Dep, 0030 Oslo
postmottak@kkd.dep.no